



Pressemelding 30. april 2021 – oppdatert 1. Mai 2021

Seks nye positive prøvesvar – fleire i karantene på Alversund skule og ved Knarvik vidaregåande skule.

Pressemeldinga vart endra 1. mai klokka 14.00. I det andre kulepunktet har vi lagt til setninga "som samlar folk frå ulike kommunar". Det er dette som står i dei nasjonale råda om arrangement.

Torsdag ettermiddag og fredag føremiddag fekk Alver kommune melding om at 6 nye har testa positivt på koronavirus. Fem av desse var i karantene på testtidspunktet.

Av dei fem tilfella der personane var i karantene på testtidspunktet, er ein knytt til Alversund skule og ein til Knarvik vidaregåande skule.

På Alversund skule er med det ytterlegare to elevar og åtte tilsette i karantene fram til og med laurdag 8. mai. Frå før er 19 elevar og 6 tilsette i karantene ved skulen etter eit tidlegare smittetilfelle.

Ved Knarvik vidaregåande skule er 30 elevar og 2 lærarar i karantene fram til og med 6. mai.

Koronasenteret jobbar vidare med smittesporing og testing.

Kommuneoverlege Terese Fogerø fortel at vi ser ein aukande smittetrend i Alver kommune no, og at smittesporinga syner at folk har mange nærkontaktar.

- Vi ser også eksempel på at folk har blitt smitta utandørs, fortel ho. Ho minner om to hovudbodskap frå nasjonale retningslinjer:
 - alle bør avgrense sosial kontakt i størst mogleg grad
 - alle arrangement og sosiale samankome, som samlar personar frå ulike kommunar, bør avlysast eller utsetjast.

Kommuneoverlegen oppmodar i tillegg alle til å laste ned smittestopp-appen.

Kontaktperson for Alversund skule:

Eirin Dyngen, konstituert rektor
Mobil: 97 07 69 38

Kontaktperson for Knarvik vgs:

Kari Espelund Bruvik, rektor
Mobil: 95 03 65 37